

Markering av høgtider i Sogndal Studentbarnehage

Det står i Barnehageloven under § 1.Formål:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene»

I Rammeplanen 2017, under «Etikk, religion og filosofi» står det:

«Etikk, religion og filosofi er med på å forme måter å oppfatte verden og mennesker på og preger verdier, normer og holdninger. Fagområdet retter særlig oppmerksomhet mot barnehagens samfunnsmandat og verdigrunnlag i et samfunn preget av livssynsmangfold.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til fortellinger, tradisjoner, verdier og høytider i ulike religioner og livssyn og erfaringer med at kulturelle uttrykk har egenverdi. Barnehagen skal skape interesse for samfunnets mangfold og forståelse for andre menneskers livsverden og levesett. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få anledning til selv å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å legge grunnlag for kritisk tenkning og dømmekraft.»

Språkleg, kulturelt og religiøst mangfold blant born og personale skal vere ein normaltilstand som barnehagen skal bygge si utvikling av barnehagen på. Å belyse ulikhetane og det som er felles kan gi grunnlag for forståing og innsikt. Eit møte med noko som er forskjellig frå eins eige, gir ein moglegheit til å utvikle ein positiv nysgjerrighet for andre menneske og ulike kulturar. Det er mange måtar å være norsk på, - og dette kulturelle mangfaldet skal vi kunne reflektere over i barnehagen. Sosiale, etniske, kulturelle, religiøse, språklige og økonomiske forskjellar i befolkninga medfører at barn kjem til barnehagen med ulike erfaringar.

I barnehagen skal barna oppleva varme og kjærleik. Verdiar som medmenneskelegheit, nestekjærleik, solidaritet, toleranse og respekt skal vera grunnleggande. I eit globalt perspektiv er det av stor betydning at barn utviklar nestekjærleik og solidariske holdningar. Barnehagen skal legge grunnlag for livslang læring og aktiv deltaking i et demokratisk samfunn i nær forståing og samarbeid med barnas heim.

Det skal ikkje vere tilfeldig korleis vi markerer høgtider og tradisjonar. Barnehagen har sett opp rammer for korleis vi vil markere ulike høgtider og tradisjonar i barnehagen. Dette fordi vi skal vere tydelege på kva vi ynskjer å gje barna og foreldra.

Barnehagen med heile personalgruppa har jobba fram eit opplegg som vi trur alle foreldre og barn kan delta i, uansett bakgrunn.

Dette kan og vere ein mal på korleis vi kan markere høgtider frå andre religionar.

Medverknad

Barnehagen ynskjer at foreldre skal medverke i barnehagen. Det er viktig å få kjennskap til barnets bakgrunn. Det skal setjast av tid til ein samtale om dette temaet tidleg i barnehageåret. I samtalen vert det viktig å få informasjon om kva som er viktig i henhold til deira livssyn, religion, deira tradisjonar, - kva som rett og slett er viktig i deira liv. Den einskilde familie skal oppleve at deira kultur, - og tradisjonar, som dei ynskjer å dele med oss, blir tatt på alvor og gjennomført.

Norsk tradisjon

Barnehagen formidlar den norske kultur og tradisjon, som høyrer Lucia, jul og påske til.

Vi inviterer foreldra på "gløggfest" i forbindelse med Lucia, og vi har nissegrautfest, der nissen kjem på besøk. Vi har òg "julekalender" på vindauga. Til påske invitera vi foreldre, søsken og samarbeidspartnarar til frukost.

Forventningar og fokus er å glede andre.

Lucia:

Det er ein gammal tradisjon i Noreg å feire Lucia.

Barnehagen lagar stjernestavar, vi har lys og den eldste jenta får gå med Lucia krone.

Barnehagen har baka lussekattar, og vi inviterar foreldra til gløgg og lussekattar på morgonen frå kl. 8.00-9.30.

Litt før 8.30 samlast alle barna i personalgangen. Dei har kvite klede og evt. glitter, dei får utdelt lys og stjernestavar og nokre korger med "lussekattar".

Me går i tog gjennom avdelingane medan me syng Lucia- sangen.

Me har fokus på å glede andre

Jul

Jula er ei høgtid som har teke opp i seg ei rekke tradisjonar frå ulike tidsepokar og kulturar i verden.

I barnehagen har vi ikkje lagt vekt på den religiøse delen, men tek heller tak i tradisjonane som høyrer til høgtida, noko som gjer at alle kan ta del i aktiviteten. Vi har sagt at det er ei tid då vi skal ha fokus på ro, og det å ta vare på kvarandre.

Ein lagar ein adventskrok på alle avdelingane, med tak og stjerner, der tenner dei lys og les Inger Hagerup sitt adventsdikt, og dei syng songar som høyrer jula til.

Vi har kalender på alle avdelingane, kalenderen er 24 ruter på vindauga. Kvar dag heng vi opp eit hjarta.

Når det gjeld julegåver kan det hende at vi lagar nokon tidleg på hausten, men juleaktivitetar vert lagt til siste del av november.

På stor avdeling får me i desember nokre brev frå julenissen, han gjev dei ei helsing, eit arbeidsoppdrag og eit hjarte til å henge i kalenderen.

Ved utgangsdørene heng ein opp lykter, og i vindauga heng vi opp adventstjerne og det av julepynt som barna lagar.

Denne pynten skal henge fram til etter jul.

Vi er einige om at juletre er noko foreldra sjølv skal få gje barna sine, det tek vi ikkje på forskot.

Me har fokus på å glede andre

- Bøker: Låner bøker på biblioteket
- Sanger: På loven sitter nissen med sin julegrøt
Musevisa
Julekveldsvisa
Romjulsvisa
Bjelleklang
Du og eg og dompappen
Vi tenner våre lykter når det mørkner
Den lure nissen (Jul i svingen)

Påske:

Påske kan både vere ei religiøs feiring og ein tradisjon.
I vår barnehagen har vi ikkje vektlagt religion, men vi vektlegg at vi går mot lysare tider vi feirar at sola er komen tilbake (solfest) og at naturen vaknar til liv att.
Vi startar med aktivitetar ca. 2-3 veker før påske.
Vi planter karse, av og til støyper vi lys, eller rullar lys, vi reiser til Stedje barnehage og ser på kyllingane, vil lagar enkel påskepynt.

- Bøker: Låner bøker

- Songar: Ein liten kylling i egget låg
Frøet låg i jorda

Vi invitera foreldra, venner og kjente til påskefrukost, med full oppdekking frå 7.30-9.30, alle er hjartelag velkommen.
Me har fokus på å glede andre.

Barnehagen feirar ikkje karneval og allehelgensdag.

Vi markerar opning av nytt barnehage år med "bli kjent middag" i september, FN-dagen markerast med stor basar i oktobe, og vi har Solfest i februar, - då markerar vi at sola er komen tilbake.